

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 5

Oktober 1969

5. årgang

Eg har aldri kjent dykk!

Matt. 7, 23.

Dette er eit alvorsord! Ein advarsel frå himlen ved eit kraftig ekko frå dei mange som oppdaga sin sanne tilstand utfor porten, like ved bryllaupssalen. Då fekk dei høyra det «beint ut», står det. Dei hadde nok fått nokre små vink tidlegare også. Ei aning om å vera framande for noko andre syntes kjende med kanskje, — eller ei sår uro når andre prisa seg sæle. Guds ord talar ikkje alltid «beint ut». Det talar i mange likningar og bilete, og sanningskjelda spring ikkje fram på alle manns gate. Den som vil få sitt eige til å klappa, kan godt greia det, for Gud går ikkje alltid i rette. Den som vil sauma sin eigen stas, kan slå seg gjennom med han her, for Gud trettar ikkje alltid. I Salme 106 står det om nokre som ikkje bia på Guds råd, men fekk ei fysa på seg og freista Gudi. «Då gav han dei det dei ville ha, men sende tærande sjukdom over deira liv.»

Og her ser me dei mange som ein dag skal stå for Faderen og føra si sak. Dei har gode ting å føra fram, sterke argument. Det er i grunnen deira innlevde frelsesvisshet som talar, men deira overtyding hjelper så litē. Tenk profetisk lys, kjennskap til åndene og makt over dei, og makt til undergjerningar. Andre stader i Bibelen høyrer me frå same sje-

lene: «Me har ete og drukke ilag med deg og du lærde i gatene våre». Luk. 13, 26. «Herre, når har me sett deg svolten eller tyrst eller heimlaus eller naken eller sjuk eller i fengsel, og har ikkje tent deg?» Matt. 25, § 44. Ja, det ljomar frå tusener av sjeler: «Du kjenner vel oss! Lat opp!» Og så lyder dette evige, endielege punktum frå Guds munn: *Eg har aldri kent dykk! Aldri! Gå bort frå meg de som gjorde urett, de bannstøyte, til den evige elden!*

Tenk vår allmektige skapar og alvitande domar skal skilja seg så frå dei vantruande at han kjenner dei ikkje lenger. Dei han så kjærleg kalla og dyrt kjøpte, som han bar på sitt hjarta, har nå vorte han så framande som om han aldri hadde kjent dei. Sjå kor dei trengjer seg fram som sin far, djævelen, og krev plass i himmelen. Men dei får straks høyra at dei visseieg skal få dela hans dom og lut, der ormen aldri dør og elden aldri sloknar, evig uvedkomande for Gud. — Ja, endå til for dei frelse vil dei fortapte bli gløymde. For domen blir så rettferdig. Difor blir himlen ikkje mindre lys og kjær om alle dine kjære er i den evige død når du førest salig inn gjennom porten. Det står Gud inne for.

Kven kjenner så Jesus? Du som kjen-

ner Jesus, og er kjend av han, har slutta å føra sak sjølv. Du har fått ein lukka munn, di skam er blitt så openberr. Sjølve livet dømer deg som eit endelaust skuldibrev. Du døydde. Men fordi at Jesus nettopp er kome for fortapte, smeltar Ordet om Han så velsigna saman med deg, du ser deg favna av evangeliet, gøymd i Jesu sår. Ja, du får samfunn med Jesus, innser den nye pakt

sitt «sjibbolet», mettast av hans skapnad.

Men du har det i leirkar. Gud ville det slik. Lat det så også vera godt nok for deg. «Gud vere takk for si useielege gåva!»

«Må Herrens And ta dekket bort så syndere får se at det som er ved Sønnen gjort gjør sjelen hvit som sne.»

Holger Kjølvik.

Hjelp de unge til bevist liv i Gud

Av Knut Rettedal

(Forts. fra forr. nr.)

Egenrettferdighetens farlige vei.

Av disse som har levd med sin Gud fra sin dåp, disse som jeg betegner som uskadde av verden og bevart for Jesus, er der en hel del som er i et helt annet forhold enn de jeg sist nevnte. Det er de som har fått sin kristendom som et trelleliv. Disse ærlige unge som har bestemt seg for å være kristne, og som vil følge Jesus og som vil gjøre alvor av å leve som kristne i forsakelse av det vonde og utøve det som hører med til kristenlivet. De har ikke mottatt frelsesgaven i tro, men har tatt fatt på kristenoppgaven. Deres stilling er serskilt vanskelig og særskilt farlig.

For saken er den at mens de som glir ut i synden, møtes av de troendes kall til omvendelse og frelse, så møtes disse snille, gode som kristne. Deres aktivisme anspores til de forskjellige gjøremål i foreninger og sommerleirer.

De ønsker å gjøre noe, og de får noe å gjøre. Og de blir vist den tillit av kristne ledere som styrker deres tro på seg selv.

Faren er ikke at de får noe å gjøre, at de blir vist tillit. Men faren er at de ikke får klar beskjær om hvori gudslivet består. Det disse må få høre og lagt varmt og forståeligt fram, er at kristendom har ikke til grunn og består ikke i det vi lever og gjør for Gud, men i det som Jesus lever og har gjort for oss. De må få høre at det å være en kristen, det er å leve i samfunn med Jesus.

Det er sikkert mange som i overgangsårene begynner i åndelig treldom. Og blir de ikke frigjort i de unge år, blir det serdeles vanskelig senere i livet. Det yttere i orden. Ja, det kan være eksemplarisk. De følger kristenflokkene og fører seg som kristne mennesker, deltar i religiøse øvelser og kristenlivets plikter, men uten å ha den indre fred i hjertet og det livsinnhold som den får, som kommer til bevissthet om hva han er døpt til og eier i Jesus.

Jeg vil nevne et eksempel på denne stilling. Det var en diakonelev som besøkte meg. Han var kommet i uvissitet om sitt gudsforhold og var i dyp nød. Han fortalte om seg selv at han i konfirmasjonstiden hadde besluttet å ville

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord
Red. Amund Lid, tlf. 75 Norhsund
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland
Stord. Postgiro: 42887, Stord
S. Botnens Boktrykkert, Stord
Bladet blir sendt gratis til alle
som sender eksp. namn og adr.
Blir halde oppe med frivilj. gâver
Norsk Lutherisk Lekmannsmisj.:
Formann. Olav A. Dahl,
boks 95, Stord. Tlf. 69
Kass.. Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213
Bankgiro. Vikøy Sparebank
Norheimsund 3530.07.09492

være en kristen og holde seg ifra det onde og stelle seg rett. Siden hadde han opp igjennom årene befliktet seg på å leve som en kristen og også trodd at han var en kristen. Han hadde da også valgt det selvfornekende, oppofrende diakonyrket for å tjene Gud og sine medmennesker.

Men nå var han kommet i tvil om det stod rett til med hans gudsforhold. Han var i svær nød og sjelestrid. Jeg kjente til den unge mannen, kjente ham like fra guttedagene og hadde den aller beste tro om ham. Mens jeg satt og hørte på ham, spurte jeg meg selv: Er dette sjelefienden som stormer mot hans sjel for å skape mørke og tvil og ta barne-troen fra ham? Eller er det Guds Ands rop for å få ham inn til personlig frel-sesopplevelse?

Han sa selv: «Jeg er kommet til det at jeg har aldri vært en virkelig kristen. Jeg har slitt og båret på min kristendom alle dager».

Så langt jeg forstår, stod diakoneleven i samme stilling til Jesus som Samuel stod i til Gud da Gud ropte på ham. Om Samuel står det slik: «Samuel kjente ennå ikke Herren, for Herrens ord var

ennå ikke åpenbart for ham.» 1. Sam. 3. 7.

Jeg kunne ha sagt til den unge mannen: «Jeg forstår du er i sjelenød og i stor kamp for din sjels frelse. Men nå vil jeg trøste deg med at du er døpt. Da tok Jesus deg inn i sitt rike. Og du er vokst opp i en troende heim og er blitt bevart fra å komme ut i ytre syndeliv, du har alltid vært en kristen.

Sett at han hadde hatt tillit til mine ord og hadde gått bort med det, da hadde det vært det samme som: «Gå og legg deg» — vær tilfreds med det du er. Jeg behandlet ikke min kjempende bror på denne måten. Jeg forstod at «Herrens ord måtte åpenbares for ham.» 1. Sam. 3. 7.

Da vi hadde sittet en stund med en åpen bibel og hentet ut av den vitnesbyrd om Jesus og hans fullbrakte forsoningsverk, da sa han i sterkt bevegelse og med gråtvakt stemme: «Jeg har strevd med å gjøre noe selv, men aldri stanset opp for det som er gjort av Jesus. Det eneste jeg har å gjøre, er visst bare å takke.»

Og så bøyde vi våre kne og takket. I slike stunder forstår en litt av dybden i Jesu ord: «Døp dem og lær dem.» Matt. 28.

Våre unge står altså foran to farlige avveger. Den ene er å gli ut i syndeliv og bli blant dem som er døde i synder og overtredelser. Den annen er å bli trell under guds frykt og kristelige plikter. Den gamle konfirmasjonsordningen var sikkert tenkt å tjene de unge på beste måte. Men den viste de unge lovveien. Spørsmålene: «Tror du» osv. «Forsaker du djevelen?» osv. ble til bud en skulle holde, til oppgaver en tok på seg.

Jeg minnes selv hvor alvorlig jeg tok det etter min konfirmasjon for å etterkomme det jeg hadde lovt. Nå ville jeg

være en ordentlig kristen. Så greide jeg ikke det jeg hadde lovt for alteret, og hykler ville jeg ikke være. Bønnesamfunnet, forbindelsen med Gud ble brutt. Og slik gikk det i to og et halvt år med meg, til Gud i sin nåde fikk dra meg til Jesus igjen.

Men selv om vi har en annen konfirmasjonsordning, så er faren for denne avvegen like stor. Gjerningenes vei er både legemlig og sjelelig naturlig for mennesket når det stiger ut av sine barneskø. Og det er vel neppe feil å tro at det er de fineste, edlest og alvorligste unge som mest beflitter seg på å leve som kristne. Denne flokken deler seg ofte i to. Først de som får hjelp i sin strid og i sin avmakt ved ordet om syndenes forlatelse for Jesu skyld. Slik som diaakoneleven.

Det er av den aller største betydning å lære de unge sannheten om syndenes forlatelse i Jesu navn. Både i yngre alder og i overgangsårene må vi la dem få vite at vi er velkomne til vår Far i himlen med vår synd. Vi kan lide nederlag på nederlag i vår strid mot det onde, men faderfavnens står åpen. Og Gud er rik på tilgivelse for den som bekjenner sin synd.

Peter spurte Jesus om det ikke var nok når han tilgav sin bror, som syndet mot ham, sju ganger? Jesus svarte: «Ikke sju ganger, men sytti ganger sju ganger».

Her er vi ved hovedoppgaven når det gjelder å hjelpe de unge til bevisst trosliv. Dersom vi kan få lære å bevege de unge til å gå til Gud med sin synd og tro forlatelse, da har vi hjulpet dem til bevisst liv i Gud. Den som eier syndenes forlatelse, han eier liv og salighet.

Så har vi de mange som sovner inn i den religiøse flokken. Deres samvittighet avstumpes og tilfredsstilles med ytre guds frykt og deltagelse i kristelig

virksomhet. I denne tilstanden blir de værende i kirkens skjød. De er religiøst interesserte, fører et ærbart, aktverdig liv og blir aktede personer i kristelige og kirkelige kretser. De blir svært ofte betrodd ledende, ansvarsfulle stillinger i kirke og kristelig arbeid.

Spør du disse menneskene: «Når ble du en kristen?» så vil du som oftest få til svar: «Det har jeg alltid vært.» Spør du: «Er du frelst?» så svarer de gjerne: «Ja, jeg håper det!» Eller: «Jeg har alltid vært religiøs, har alltid interessert meg for det kristelige». Du vil aldri få et greidt svar. Det er like flytende og uvisst som da gutten ble spurta: «Er du sønn av Jakob Nilsen? — » «Ja, jeg håper det», svarte gutten. Han hadde hørt noe om det, men han hadde aldri møtt sin far eller undersøkt dokumentene om saken.

Denne linjen eller utviklingen er uten tvil den farligste av alt og det av flere grunner. Først fordi det blir advart så lite mot denne faren. Vi advarer de unge mot synden, men når advares de mot egenrettferdighet?

Dernest betraktes denne tilstanden som den mest normale kristenstilling av mange i vårt land. De villfarne får støtte av dem som skal være åndelige veiledere.

En prest som ble forflyttet fra et kall langt nord i landet vårt til et kall på Sørlandet, kom jeg i samtale med. Jeg spurte: «Var det mange troende i det sognet som De flyttet fra?» Presten svarte: «Det kommer an på hva De mener. Hvis De mener troende i den betydning at de er vakt og omvendt, så er der svært få. Men hvis De mener folk som har aktelse for Guds ord og kommer til gudstjenesten og bruker nådemidlene, så er der mange, og stillingen er ganske bra.»

Jeg spurte videre: «Hvordan preket De

for disse menneskene? Prøvde De å rive bort fra dem det de trøstet seg til så de kunne bli vakt og omvendt til Gud? Jeg forstår det så at disse folks aktelse for Guds ord og deltagelsen i gudstejenesten og bruken av nådemidlene ligger på samme linje som hos dem som hadde «alter for en ukjent Gud», «som de dyrket uten å kjenne». Ap.gj. 17, 23. Jeg fikk til svar: «Jeg kunne ikke rive fra dem det de hadde, og som de trøstet seg til.

Der er teologer som lærer at ved åpen er nedlagt en spire i menneskehjertet som ikke kan dø. Når så den religiøse evnen i mennesket får makt, så betraktes det som at det er spiren som vokser. Noe bevisst gudsliv hverken venter man eller krever man. En prest som jeg kjente godt, sa i kirken heime: «Der er mange mennesker som lever verdslig og likegyldig for sin sjel hele sitt liv. Det er sårt at det er således. Men disse mennesker er ikke så døde som man skulle tro. Det får jeg best forståelse av når jeg kommer rundt omkring i menigheten i sognebud til syke og døende. Da vil de gjerne ha nattverden. Da viser det seg at den spiren som var nedlagt i dem i dåpen, eier kraft i seg til å holde dem urolige og våkne. Og når de så får nattverden, kaster den fred over hele livet.» (Dette tror jeg er temmelig ordrett gjengitt.) Denne lære er forferdelig både i innhold og virkning. Det hører ikke heime her å si mer om det.

Hjelp de unge til bevist liv i Gud! Be om det! Be om visdom til dette menneskelige men nødvendige arbeidet. Ha det målet for øye under arbeidet med de unge at vi ikke skal presse noen til avgjørelse og valg. Det kan liknes med «fosterfordrivelse». Men vi skal søke å vekke samvittigheten til erkjennelse av synd og deres hjertes syndighet. Vi må fremfor alt vise dem til Jesus og si dem alt vi kan om de store gavene han har

og vil gi til enhver.

Det er i de unge årene mulighetene er størst. Det blir vanskeligere når de dør bort fra Gud i synd og skam. Og kanskje mest vanskelig er arbeidet med dem som blir kristelige uten å være kristne. Det fører til den stillingen som Jesus taler om når han sier: «Tollere og skjøker kommer før eder inn i Guds rike.» Matt. 22, 31.

Når det gjelder voksne mennesker som er døpt til Kristus som barn, men er kommet bort fra livssamfunnet med Gud og ved synd og overtrædelse er skilt fra Gud, da er veien tilbake omvendelse og syndsforlatelse. Eller sagt med andre ord: Mennesket vekkes i samvittigheten umiddelbart av Guds And. Eller en vekkes med midler som Anden bruker: — Guds ord, lidelser, velgjerninger, andres eksempel, som det står i vår barnelære, vekkes til erkjennelse av sin stilling at en har syndet og står skyldig for en hellig, rettferdig Gud. Når en så drister seg fram for Gud og bekjenner sin synd og ber om tilgivelse for Jesu skyld, så forlater Gud synderen hans synd, ja, tilregner ham Kristi rettferdighet. Og når den angrende synder hører eller leser Guds tilgivende ord og tror det, da er han frølst. Da er han gjenfødt ved Guds ord.

Vi tror Pontopidan i «Sannhet til gudfryktighet» har rett. Han spør: «Blir da en synder etter gjenfødt når han omvender seg, etter at han har tapt den nåde hvorved han først ble gjenfødt i dåpen?» Han svarer: «Ja, enhver omvendelse fra døde gjerninger og oppvekkelse til nytt liv er en ny fødsel.»

Videre spør han: «Er da ikke dåpen det eneste gjenfødelsesmiddel?» Svar: «Nei, ordet har samme kraft og virkning. 1. Pet. 1, 33. «I som er gjenfødt, ikke av forgjengelig, men uforgjengelig såd ved Guds ord som lever og blir.»

Slutt.

Det skjulte skal bli openbart

Bibelen taler flere steder om at det som er skjult hos menneskene, det vil Gud føre frem i lyset. «Å føre skjulte ting frem i lyset.» Job. 28, 11. Jesus sier at intet er skjult som ikke skal bli åpenbart. Det er skjult for de vise og forstandige men åpenbart for de umyndige. Matt. 10, 26.

Skriften taler her om sjulte ting, som er åpenbart for enkelte men skjult for andre. Det er mitt ønske at disse linjer kunne være med å vise noen litt av disse ting.

Det første vi må spørre om er hvorledes Gud åpenbarer de skjulte ting for oss? Til det svarer Skriften at det er den Hellige Ånd sin gjerning, ved Guds ord — Bibelen — og ved forkynnelsen, vitnesbyrd og det skrevne ord av forkynnere, lærere og andre. Det er stort når en hører noen si etter et møte: I kveld ble evangeliet om Jesus åpenbart for mitt hjerte. Det er jo mange forskjellige måter dette kan gå til på, men det vil alltid bli som den blindfødte sa: Jeg som var blind ser nå.

Men selv om evangeliet om Jesus er åpenbart for oss, så er det så mange andre ting som vi trenger å se. Det står skrevet at han for opp i det høye for å gi menneskene gaver (Efes. 4, 8). Han gav oss alle ting med ham (Rom. 8) Hva disse gaver består i, det trenger vi å få se. Jeg vil prøve å ta frem noen av dem.

Guds kjærlighet er utøst i våre hjerter (Rom. 5, 5). Det er en meget kostbar gave. Eier du denne gave? Det går frem av Guds ord at en kan eie mange av de andre Guds nådegaver, men har tapt denne gave. Det ser vi for eksempel av brevet til menighetsforstanderen i Efesus (Openb. 2). Der ser vi at har vi

tapt kjærligheten, da reknes alt det andre for intet. Derfor bruker Ordet i 1. Kor. 14, 1 et meget sterkt uttrykk: *Jag etter kjærlighet!* Det fortsetter videre med et annet uttrykk: *Strev etter de åndelige gaver.*

Hvorledes er det med dette jag og strev etter kjærlighet mellom oss som lever idag? Jeg synes det er ikke mye av strev etter de åndelige gaver å se, langt mindre at de blir tatt i bruk i forsamlingsene. Dette burde ikke være så.

Den profetiske gave. Mange har den profetiske gave, uten at de er klar over det. Ser vi på profetene Bibelen omtaler, da er det et fellestrek som trer klart frem hos dem alle. De så klart den åndelige stilling som folket levde i, og de ble sendt til folket for å opplyse dem om den.

Også i vår tid er det noen som eier et klart syn på den åndelige stilling folket lever i, for de har fått den profetiske gave. Jo klarere dette synet kommer frem, des mere motstand vil de møte, serlig fra den kant de minst hadde ventet det.

Det går an å eie profetisk gave uten å kunne tale profetisk. Det ser vi for eksempel av Moses. Han var profet og så profetisk, men han kunne ikke tale. Da lot Gud Aron bære hans syn frem for folket. Slik er det også i dag, at mange har et klart syn uten å eie evne til å tale det ut til andre. De bør fortelle det de ser til andre som har evne til å bære det frem eller forsøke å skrive om det.

Den som har del i den profetiske gave vil også møte en kraftig motstand fra sjølefjenden. For den som ser stillingen folk lever i og som våger å tale om det han blir en fare for djevelens rike. Det

er årsaken til at han forsøker på mange vis å få oss inn i en blindgate. Og for meg ser det ut for at det lykkes så alt for ofte.

En av de farligste måter han arbeider på er å føre oss inn i «et sinn som ikke duger». Alle sanne profeter har *hyrdesinnet* og førene hører røsten. Men her finnes også profeter med *ulvesinn*. De res måte å arbeide på virker spittende, selv om de har profetisk syn og gave. Vi har også profeter med *trellesinn*. Disse er en stor fare i vår tid, og der skal mye åndelig lys til for å oppdage dem. Så har vi en fjerde sort profeter, og det er Bileam og de som går Bileams vei. De kjenneres på sammenblanding og tolleranse.

Prøv å sette deg inn i disse forskjellige profettyper, og be Gud om lys og nåde til å forstå deres tale og skille mellom det som er sant og falskt. For alle dis-

se typer profeter finnes også på våre talerstoler i Norge.

Den som er av samme sinn som profeten eller forkynneren, vil like ham og følle ham og hans syn. Men de som har hyrdesinnet, de får ingen ting for de hører ikke hyrderøsten. Det er årsaken til at vi kan høre noen gå begeistret fra et møte, mens andre går syke, tomme og sorgfulle, for selv om de hørte mange gode sannheter så manglet hyrderøsten.

«Mine får hører min røst, og jeg kjenner dem, og de følger meg, og jeg gir dem evig liv, og de skal aldri i evighet fortapes, og ingen skal rive den ut av min hånd.» Johs. 10.

Måtte Gud gi oss nåde til å prøve oss selv, om det er hyrdesinnet som rår i vårt hjerte og liv og når vi taler, vitner eller skriver.

Ole Rolfsnes.

Ingen som har lagt handa på plogen - -

(Luk. 9, 62)

Jesus seier her, at ingen som har lagt handa på plogen og så ser attom seg, høver for Guds rike.

Arsaka til at Jesus sa desse orda, det var at ein dag Jesus og lærersveinane hans gjekk etter vegen kom det ein til han og sa : Eg vil fylgja deg kvar du så fer. Jesus svara han : Revane har hi, og fuglane i lufta har reir, men Menneskesonen har ingen stad han kan halla hovudet sitt nedpå. Eit merkeleg svar, synest du nok.

Sidan den dagen er det nok mange som i ei begeistrings-stund har sagt det same som denne mannen. Kanskje noken har gått så langt som Peter, han som ville fylgja Jesus om så vegen gjekk

både i fengsel og døden. Og me kan vera viss om dei meinte det dei sa.

Men Jesus kjenner menneskehjarta. Ved eit anna høve sa han at ånda er villig, men kjøtet er veikt. Når dei kjem i naud eller fåre for Ordet si skuld eller for Jesu skuld, så leidest dei og fel ifrå. Tenk berre på Peter når han sto overfor Jesu vanæra i øvstepresten sin gård.

Mange er dei som i vekkingstider vite fylgja Jesus og gav store løfter. Serleg minnest eg ein som sto fram og vitna på eit møte : «Farvel du brede strede, du ser meg aldri mer». Men om ikkje lenge tok han til å sjå seg tilbake — og lengta tilbake til verda — for det blei så trøngt for kjøtet i Jesu fylgje. Og i dag lever

han i verda som før. Demas forlet meg av kjærleik til verda, klagar apostelen Paulus. Mange har sidan gjort det same. Du er vel ikkje ein av dei?

Den som har lagt handa på plogen, og ser seg tilbake, han høver ikkje for Guds rike. Har du sett ein som pløgjer, og så ser attom seg i staden for framover? Det blir ei krokut får, om den då ikkje går heilt ut.

Til ein annan sa Jesus : Fylg meg ! Han svara : Lat meg først gå heim og jorda far min. Då svara Jesus han : Lat dei døde jorda sine døde, men gå du i veg og forkynn Guds rike ! Ordet fortel også om ein annan som møtte Jesu kall. Han svara : Eg vil fylgja deg, Herre, men lat meg først beda farvel med dei som heime er.

Har du tenkt over kva for nåde det er å få kallet frå Jesus : *Fylg meg !* I det ligg kallet til å vera Jesu brud, til barnekår hjå Gud. Men i det ligg også kallet til tenesta i Guds näderike på jorda, til å vera Guds medarbeidrarar i verda — Guds åkerland.

Du har kanskje fått bóna si nådegåva, som er lite påakta men har stor kraft i sin verknad. Eller du har fått nåde til å kunna vitna om Jesus i forsamlingen, eller det som trengs like mykje å vitna for den einskilde på tomanns hand. Du kan også vera ein av dei som har fått forkynnelsens nådegåve. Men same kva gáva eller kall du har fått, så har du ikkje fått den for din eigen del. Alle Guds nådegåver er gitt til Guds forsamling på jorda, menigheten. Du er ein Guds hus-haldar over Guds mangehånde nåde, kalla til å tena dei heilage. Fød mine lamm og vakta mine sauher, lydde Jesu kall til Peter. I dag har han ingen annan å rekna med enn oss. Les i Matt. 25, 14—fg. om han som skulle fara utanlands og kalla tenarane sine til seg og

delte middelen sin mellom dei etter som kvar dugde til. Der vil du sjå at han ventar du skal bruka den gáva du har fått å forvalta.

Han kjem att for å gjera rekneskap med oss, og då lyt me alle fram for Kristi domstol. Då vil det anten lyda : «Det var rett gjort, du gode og trugne tenar. Du hev vore tru i det som var lite, eg vil setja deg over mykje. Gå inn og gled deg ned husbonden din !» Men det kan også måtta lyda : Du läke og late tenar ! Tak ifrå han talenten og gjev han til den som hev ti ! For kvar den som hev, han skal få, så han har nøgdi. Men den som ikkje hev, skal missa endå det som han hev. Og kasta den duglause tenaren ut i myrkret utanfor, der dei græt og skjer tenner !» Det er Jesus som seier dette.

Apostelen Paulus seier at sidan me alle skal bli openberra for Kristi domstol, og skal få att det som er verka ved le-kamen, så prøver han å vinna menneske (2. Kor. 5, 10 — fg.) Han sa også : Ve meg om eg ikkje forkynner evangeliet. Han la allstødt vinn på å ha eit uskadt samvit for Gud og menneske, sidan han trudde at han ein dag skulle stå opp av grava og møta Jesus. (Ap.gj. 24, 14—16).

Kjære medarbeidarar, sjå deg ikkje tilbake, grav ikkje ned det pundet du har fått ! Bruk det til tenesta, og du vil vinna fleire pund — fleire sjeler for Jesus.

Korleis kan me sjå oss tilbake?

Lat meg først få jorda far min. Det var noko han måtte gjera før han drog ut for å forkynna evangeliet. Mange ting vil gjera krav på å få gå først, før me går ut med evangeliet. Det kan vera heimen, som i ordet her. Og ikkje berre dei som døyr, men også dei som lever. Mang ein lovande forkynnar, med nåde-

gåva og kall frå Gud, har grave ned sin talent av di kona hadde større plass i hjarta enn Jesus. Eller det kan vera det jordiske arbeidet og levevegen som går først. Du må sikra deg leveveg før du dreg ut med evangeliet. Det står skrive at apostlane forlet far sin, garna og båten og fylgte Jesus. Den som har lagt handa på plogen, og så ser seg tilbake — — Den som støtt aktar på vinden, han kjem ikkje til å så !

Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt dette attpå !

(Matt. *, 33). Far dykkar i himmelen veit at alt sovore treng de om. Og han som klær liljene på marka og før fugla-

ne under himmelen, skulle han ikkje mykje meir klæda dykk, de fåtruande !

Jesus vil vera den første i vårt hjarta og liv. Den som har far eller mor kjærare enn meg, er ikkje verd meg, og den som har son eller dotter kjærare enn meg, er ikkje verd meg, og den som ikkje tek krossen sin og fylgjer etter meg, er ikkje verd meg. Den som vinn livet sitt, skal missa det, og den som misser livet for mi skuld, skal vinna det. Den som tek imot dykk, tek imot meg, og den som tek imot meg, tek imot han som sende meg. (Matt. 10, 37—42).

A. L.

VEKKING

Av Amund Lid

Alle vakne Guds folk lengtar og ventar på vekking og nytt liv i kristenflokkane våre og over by og bygd, og ber vel om det kvar dag.

Berre der den åndelege svevnen inntek hjarta, blir denne lengten og denne bøna borte. I likninga om dei ti møyane i Matt. 25 fortel Jesus : Då det drygde før han kom, så sovna alle møyane. Har du slutta å lengta etter og be om vekking?

Det finst dei som meiner at vekkinga si tid er slutt. Er det sant? Nei, Gud vere lov og takk. Det står skrive at den Heilage Ande skal vera hjå Guds menighet inntil utløysningsdagen (Efes. 1, 13 —14). Og Jesus seier at Han skal vera hjå oss i all æva (Johs. 14, 16). Og så lenge den Heilage Ande er hjå oss og ta-

lar til menigheten, så lenge er ikkje vekkinga si tid forbi.

Ein annan ting er om me høyrer Andens tale. Det går an å gjera Anden sorg, stå han imot, og såleis hindra hans gjerning og gjera Guds råd til inkjes for oss. Den som har øyra, han høyrer Andens tale til menigheten (Openb. 2, 7). Øyra kan bli døvt og hjarta hardt, så me ikkje høyrer Herrens tale. Då er vår einaste redning : «*Land, land, land, høyr Herrens ord !*»

Korleis får me vekking?

Det kan ikkje noko menneske skapa eller gi oss. Vekking kan Gud åleine skapa og gi oss. Det er den Heilage Ande sitt verk i samvitet, ved at Guds ord blir levande og vekkjer samvitet. Det er

elden frå himmelen, som Jesus ynskte skulle vera kveikt. Den beste tale fell makteslaus til jorda om ikkje elden frå himmelen gir den liv og kraft.

Vekking kan me be om, og Gud vil gi. For når me som er vonde gir våre barn når dei bed om det, kor mykje meir skal då ikkje vår himmelske Far gi den Heilage Ande til dei som ber han om det, seier Jesus.

Men så spørst det om me vil ta imot vekkinga når Gud svarar, for han kjem oftast ikkje på den måten me ventar. Mange ventar at Gud skal vekkja den openberre verda, men lata dei «kristne» i fred. Men Gud tek først til å vekkja sin menighet, dei namnkristne og religiøse som lever og arbeider i menigheten. Sjá breva som Jesus sender til menigheten i Openb. sitt 2. og 3. kap. Der kan du sjá kva vekking er, og korleis den kjem

Mange ber om vekking og lengtar etter vekking, og legg gjerne til at Gud må ta til med meg og oss. Men når Gud så tek til å vekkja, då tek dei ikkje imot og arbeider imot Guds ord og vitne og den Heilage Ande si overtyding. Mange gjer det uvitande, utan å vera klar over kva dei gjer, at det er Gud dei arbeider imot og Guds frelse dei hindrar. Som Jødane ikkje skyna at det var Guds Messias som kom i Jesus frå Nasaret, for han kom på ein heilt annan måte og i ein annan skikkelse enn dei venta, slik skynar heller ikkje mange folk i vår tid at det er Jesus som gjestar sitt folk. «For hadde dei kjent han, så hadde dei ikkje krossfest herlegdoms-Herren.» (1. Kor. 2, 8).

All vekking tek til med at Anden overbevisar om synd. Og når den Heilage Ande kjem, skal han overtyda om synd, om rettferdi om dom, av di dei ikkje trur på meg, seier Jesus i Johs. 16, 8—fg.

Han overtyder om synd.

Kvifor gjer han det? Av di de ikkje

trur på meg, seier Jesus. Det er det som er di store ulukka, at du ikkje trur på Jesus.

Han tek ofte først til med å overbevisa deg om ytre synder, synder du har utført i handling, for dei er lettast å sjá og dei reknar ofte menneske for størst — i motsetning til Gud som ser på hjarta.

Du tek til å vakna opp for at *det er synd å stela*. Samvitet blir uroleg og tek til å verkja når du kjem ihug eller ser det du har stole på «sjølbetjeningsbutikken», ved å göyma under eller gi feil opp i skatten, eller ved urett vinning på annan måte. Samvitet kan og ta til å vakna for at når du lurer deg unna arbeidet i arbeidstida, så er det det same som om du stal av arbeidsgivaren sine kontante pengar. Endå verre er det når du tek til å sjá at det er stor synd å skulda andre for det du har gjort, så dei lyt lida for det du er skyldig. Har du tenkt over at verre enn å stela andres pengar og eigedom, det er å ta andres æra og gode namn og rykte? Det kan du gjera ved dine ord, ved vond og stygg baktale. Her er det ikkje berre verda som syndar, men også Guds folk står i same fære.

«Lik ei rapphøna som samlar ungar ho ikkje sjølv har klekt ut, er den som vinn seg rikdom som ikkje er rettkomen. Midt i sine dagar skal han lata han frå seg, og når han ligg på sitt siste, er han ein dåre.» (Jerem. 17, 11.) Du som seier at ein ikkje skal stela, stel du?

Du skal ikkje slå ihel. Det bodet har alle i vårt folk lært, men likevel lever mange mordarar og ferdast fritt mellom oss. Tenk på alle dei mødre og fedre som har late andre ta livet av sine eigne barn i mors liv. Det er svært for dei som vaknar opp for ei slik synd, men ennå verre for dei som ikkje blir vekt opp og finn veien til Jesus med si synd.

Men det går an å bli mordar for Gud i hjarta, om det ikkje har vorte utført i handling. Du som er eller har vore så sint på mor, far eller andre menneske, at du tenkte at når du blei stor så skulle du slå dei i hel — du er ein mordar i Guds augo. Om det ikkje blei utført i handling, så var og er du det i hjarta og tanke — du har mordarsinn.

Du skal ikkje驱iva hor, er eit anna bod. Det er ei folkesynd i vår tid, og her er det ikkje lett for Gud å vekkja, for den store del av folket held det ikkje lenger for synd. Men Gud seier at det er synd å驱iva hor, både i og uten for ekteskapet. Utruskap i ekteskapet, og å leva saman som ektefolk før ein er gift, det er synd — det er å驱iva hor. Det same er det å lessa utuktig literatur og sjå på utuktige bilete. «Den som ser på ei kvinna med lyst i hjarta, han har drive hor i hjarta.»

Tek du til å vakna for Guds tale, då vil du bli overtyda om at det er synd å misunna andre det dei har, å vera missnøydd med løna di og arbeidet ditt, syta og klaga, vera utakk nemleg, furta, lyga og vera utru osv. Les nøye og med ettertanke : 2. Timot. 3, 1—fg. Galat. 5, 19—21. Efes 4, 25—32 Jakob 3, 1—4, 17 — Litt etter kvart vil du bli overtyda om at verste synda, sjølve synda, er i hjarta ditt. Du elskar deg sjølv langt over Gud. Du elskar deg og ditt langt over andre menneske. Det er synd mot det første bodet : Du skal elskja Herren, din Gud, av heile hjarta, og din neste som deg sjølv. Der finn du rota til alle dine andre synder.

Han skal overtyda om synd, av di de ikkje trur på meg, sa Jesus. Vantrua — det at du ikkje trur på Jesus, det er di største synd. Alle vantru menneske lever i ei større synd enn dei som bryt

Moselov. «Når nokon hev brote Moselov so døyr han utan miskunn etter vitnemål frå to eller tre mann, kor mykje verre refsing trur de då den skal verta kjend verd som hev trødt Guds son under føter og vanvyrdt paktboden, som han vart helga ved, og svivyrdt nådens Ande !»

For me kjenner han som har sagt : Hemnen høyrer meg til, og eg skal gjeva attergjeld, og etter : Herren skal døma sitt folk ! Det er grueleg å falla i hendene på den levande Gud.» (Hebr. 10, 28—31.)

All synd har Jesu sona for slekta, så vantrua er einaste årsak til at dei mange menneske lever som fortapte og vil gå evig fortapt. (Hebr. 3, 12—4, 3).

Han skal overtyda om rettferd.

Av skrifta ser me at mange menneske trudde dei skulle greida seg for Gud med si eiga rettferd. Paulus gav farisearane og dei skriftlærde det vitnemålet at dei var ihuga for Gud, men då dei ikkje kjende Guds rettferd streva dei med å grunna si eiga rettferd (Rom. 9, 30—10, 21.) Og Jesus seier at blir ikkje dykkar rettferd mykje større enn rettferda til farisearane kjem de ikkje inn i Guds rike. (Matt. 5.) Til vekkinga høyrer også at du blir overtyda om at du har gjort det som er urett, at du er urettferdig overfor Gud. At di rettferd er sulka til av synd, endå det beste du har klebar det synd og urett ved. Han skal overtyda om rettferd av di eg går til Faderen, sa Jesus. Jesus er den einaste av menneskeslekta som er funnen rettferdig for Gud. Så måla aldri di rettferd med andre menneske, men mål deg med Jesus og lova, for Jesus er enden på lova — det vil seia at han har livt etter lova og oppfyllt lova. Jesus var heilag,

dette levande for samvitet er vekking.

Vakna du som søy, og lat Kristus lysa for deg ! Er du ei vakt sjel, så er eg viss om at du også er ei søkjande sjel som leitar etter frelse og redning. Då vil eg gjerne visa deg til Jesus. Han er den einaste, det einaste namn under himmelen som kan frelsa ein fortapt syndar. Det står skrive at han kan fullkommen frelsa dei som kjem til Gud ved han. (Hebr. 7, 25).⁺ Han går og leitar etter det som er fortapt, for å frelsa det. Kalla på meg på nødens dag, og eg skal utfri deg (Salme 50.) Kvar den som kallar på Herrens namn, skal bli frelst ! (Rom. 10.)

«I dag kjem det bod ifrå himmelmens Gud atsovande sjeler må vakna. Kvar haste og pynte seg vent som ei brud, vil vera som brudgomen ventar. Å syndar, du trygge, kva tenkjer du på som endå vil sova på brennande strå? Å vakne før døden deg hentar !

På jorda du eig ingen verande stad, du er berre gjest her i verda. Når døden deg kallar, så må du avstad, å er du då reide til ferda? Snart gjestar han barnet på moders fang, snart kvithåra gamling med starvande gang, å vakne før døden deg hentar !

Din Fader han kallar deg kjærleg i dag, ja hør då hans kalling og bøner. Slå verda ifrå deg og syndefullt lag, med nåde på nåde han løner ! — Kom heimatt, kom heimatt til Faderens famn ! Men kom førenn døden deg hentar !»

uskyldig, rein, utan synd, slik må du også vera om du skal bli funnen rettferdig for Gud. (Hebr. 7, 26—8, 1—fg.)

Ver ikkje slik ein dåre at du skjer av målet og slår av på kravet her, for då därar du deg sjølv. Ver ikkje slik som berre høyrer ordet, men gjer etter det. (Matt. 7, 24—29-).

Han skal overtyda om dom.

Han skal overtyda om dom, av di denne verda sin fyrste *er dømd*. Domen er fallen over djevelen og alle dei som høyrer han til. Fortapinga, sjøen som brenn med eld og svovel er tilbudd for djevelen og alle som fylgjer han. (Matt. 25, 41. Openb. Kap. 20 og 21).

Domen er også fallen over menneske. *Den som syndar, han skal døy.* Alle som ikkje trur på Jesus, men lever og ferdast etter tida si ånd — den ånda som nå verkar i vantrua sine barn, dei som ferdast i kjøtet sine lyster, med di dei gjør det som kjøtet og tankane vil og er av natura eit vredens barn, dei er alle under Guds dom og vreide — *eit fortapelsens barn.* (Efes. 2, 1—fg.) Dette forkynner Guds ord klært, og at Anden gjer